



Redd



- **Sjå på denne guten her, kva slags følelse trur de han har?**
(Ja, han er redd. Akkurat som den lilla figuren var.)
- **Kva trur de har skjedd som gjorde at han blei så redd?**
(Oppmuntre barna til å kome med historier eller forklaringar. Hjelp til ved behov. Kanskje han syns det var skummelt å klatre høgt? Eller kanskje det kom ein ny vaksen eller eit barn som han ikkje kjente? Eller kanskje han såg eit bilde av noko skummelt, eit troll eller noko anna skummelt?)
- **Kva trur de guten har lyst til no?**
(La barna kome med forslag, men hjelp til ved behov. Kanskje har han lyst til å gøyme seg bak ein vaksen han kjenner, halde litt i handa eller sitje på fanget? Kanskje vil han at den vaksne skal passe på og bli med slik at det ikkje blir så skummelt lenger?)
- **Kva trur de dei vaksne i barnehagen kan gjere slik at guten synes det er greitt å vere redd, eller blir mindre redd?**
(Den vaksne kan setje seg på huk og seie at det er lov å vere redd og at det ikkje er så rart at han blei redd. Den vaksne kan spørje om guten vil ha litt hjelp eller trøyst, og kanskje gi han ein klem eller la han sitte litt på fanget.)

Til dei eldste barna:

- **Kva trur de han tenker på?**
(La barna kome med døme, hjelp til ved behov. Kanskje han tenker at det er alt for farleg, eller at han ikkje vil halde på med dette lenger? Når vi er redde får vi ofte redde tankar som gjer at vi kjenner oss meir redde.)
- **Finst det ulike måtar å vere redd på?**
(Nokon er veldig redde inni seg utan at vi kan sjå det utanpå. Andre blir redde slik at det viser utanpå, då kan vi av og til gråte eller skrike litt. Alle måtar å vere redd på er like riktige, ingen er feil.)